

ÅRSMØTE I V.I.L

Tid: 27.02.2013 kl 19.30- kl 22.00

Stad: Klubbhuset på Omenås

Desse møtte: Einar Hoel, Yvonne Dale, Inge Sunde, Ellisiv Valdal Jarvik, Karianne Vestre Døving, Anders Rem, Liv Hanne Svensvik, Trond Håvoll, Kåre Erstad, Dagrun Rem, Magne Eivind Glomnes, Jan Ole Fuglem, Hege Bjørstad, Kristi Linge Stakkestad.

Sak 1: Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereclar.

Vedtak: Godkjent. Det er berre dei sakene som står på saklista som blir tekne opp i møtet.

Sak 2: Konstituering

- a. Val av dirigent: Einar Hoel
- b. Val av sekretær: Karianne Vestre Døving
- c. Val av 2 personar til å skrive under møtebok: Ellisiv Valdal Jarvik og Inge Sunde

Vedtak: Godkjent.

Sak 3: Godkjenning av årsmelding 2012:

- Årsmeldinga til Hovudlaget v/Einar Hoel

Styresamansetjinga i årsmeldinga blir retta til:

- Dagrun Rem, leiar i trimgruppa
- Trond Håvoll, 1. vara til styret

Ingen kommentarar eller innspel elles.

- Årsmeldinga til fotballgruppa v/Ellisiv Valdal Jarvik
Ingen kommentarar eller innspel.
- Årsmeldinga til friidrettsgruppa v/Magne Eivind Glomnes
Ingen kommentarar eller innspel.
- Årsmeldinga til langrennsgruppa v/Jan Ole Fuglem
Spørsmål om den økonomiske situasjonen grunna mindre inntekter frå Olsok arrangementet.
Elles ingen kommentarar eller innspel.

Årsmeldinga til trimgruppa v/Dagrun Rem

Ingen kommentarar eller innspel.

Framlegg til vedtak: Framlagt årsmelding for Valldal Idrettslag med undergrupper sine årsmeldingar vert godkjent og fastsett som idrettslaget si årsmelding for 2012.

Vedtak: Godkjent.

Sak 4: Godkjenning av rekneskap 2012

Rekneskapet blei seint ferdig, og derfor har ikkje revisorane fått nok tid til å sjå på det.

Framlegg til vedtak: Saka vert utsett pga rekneskapet ikkje er revidert. Handsaming av rekneskap vert gjort i eit fortsettande årsmøte 20. mars 2013 (seinare flytta til 19. mars 2013).

Vedtak: Godkjent.

Sak 5: Godkjenning av arbeidsplan for 2013

- Arbeidsplan for Hovudlaget v/Einar Hoel:
Idrettslaget skal legge til rette for at alle skal kunne utøve fysisk aktivitet.
Visjon: "Vi kan- vi VIL!"

Følgjande område skal vektleggast i arbeidet:

- Organisasjon
- Anlegg- utstyr
- Økonomi
- Informasjon
- Rekruttering- aktivitet
- Arbeidsplan for 2013/langtidsmål
-
- Arbeidsplan for fotballgruppa v/Ellisiv Valdal Jarvik
- Arbeidsplan for friidrettsgruppa v/Magne Eivind Glomnes
- Arbeidsplan for langrennsgruppa v/ Kristi Linge Stakkestad
- Arbeidsplan for trimgruppa v/Dagrun Rem

Framlegg til vedtak: Framlagt arbeidsplan for Valldal Idrettslag inkludert undergruppene sine arbeidsplanar vert fastsett som retningsgjevande for arbeidet i idrettslaget i 2013.

Vedtak: Godkjent.

Sak 6: Godkjenning av budsjett 2013

- V.I.L Hovudstyret sitt budsjett: Har framleis teke med at ein arrangerer Olsok. Reknar også med støtte frå Norddal kommune.
Inntekter: 540.000 kr
Utgifter: 475.000 kr
Overskot: 65.000 kr
- Fotballgruppa sitt budsjett: Sett opp mykje det same sist. Satsar på inntekter på fiskesal blant anna. Utgifter: rekvisittar/utstyr posten blir auka pga gjorde lite innkjøp sist år. Vedlikehald/anlegg posten blir auka pga det må gjerast noko med grusbana. Balanse i budsjettet.
Inntekter: 212.000 kr
Utgifter: 212.000 kr
- Friidrett sitt budsjett: Vidarefører mykje det same i sitt budsjett. Budsjettet blir sett opp i balanse.
Inntekter: 9.000 kr
Utgifter: 9. 000 kr
- Langrenn sitt budsjett: Vidarefører mykje det same. Brukar litt meir på rekruttering i år. Balanse i budsjettet.
Inntekter: 195.000 kr
Utgifter: 195.000 kr
- Trim sitt budsjett: Har god økonomi, og kan bruke litt meir pengar.
Inntekter: 26.000 kr
Utgifter: 16.000 kr
Overskot: 10.000 kr

Framlagt budsjett for Valldal idrettslag inkludert undergruppene sine budsjett vert fastsett som idrettslaget sitt budsjett for 2013.03.31

Vedtak: Godkjent.

Sak 7. Behandle laget sin organisasjon

Organiseringa er i samsvar med gjeldande lov for laget og har elles ingen endringar i høve til dagens organisering

Framlegg til vedtak: Tidlegare vedteken organisasjonsplan for Valldal Idrettslag vert vidareført i 2013

Vedtak: Godkjent.

Sak 8: Fastsette medlemskontingent for 2014

Barn t.o.m 16 år: auke med 50 kr (til 350 kr)

Vaksne f.o.m 17 år: auke med 50 kr (til 450 kr)

Familie: auke med 100 kr (til 800 kr)

Vedtak: Godkjent.

Sak 9: Val

- a. Val av leiar for 1 år, Einar Hoel
 - b. Val av nestleiar for 2 år, Anders Rem
 - c. Val av 2 styremedlemmar for 2 år, Karianne V. Døving og Trond Håvoll
 - d. Val av 2 varamedlemmar for 1 år, Inge Sunde (1. varar) og Torkjell Bjørstad (2. vara)
 - e. Val av 2 revisorar for 1 år, Kåre Erstad og aksel Døving
 - f. Val av 1 medlem til marknadskomite for 3 år, Olav Løvoll
 - g. Val av 1 medlem til valnemnd for 3 år, det tek vi igjen på det fortsettande årsmøtet.
- Årsmøtet i Norddal Idrettsråd: Ellisiv Valdal Jarvik og Yvonne Dale
 - Styre for Valldal samfunnshus: Anders Rem

Val i undergruppene:

- Fotball
- Friidrett
- Langrenn
- Trim

Vedtak: Godkjent.

Ellisiv Valdal Jarvik

Inge Sunde

FORTSETTANDE ÅRSMØTE

Tid: 19.03.2013 kl 19.30

Stad: Klubbhuset

- Magne Eivind Glomnes skriv under møteboka for det fortsettande årsmøtet.

Sak 4: Godkjenning av rekneskap 2012

- V.I.L Hovudlaget:
Inntekter: Olsok arrangement, momskompensasjon, grasrotandel mm.
Utgifter: Olsok, utstyr for tidtaking, benkar, påkostning klubbhuset, dyr forsikring mm.

Resultat: - 206.289 kr

Forklaringa er først og fremst påkostinga av klubbhuset.

- Fotball:
Inntekter: 240.221 kr
Utgifter: 202.293 kr

Resultat: 37.928 kr

- Friidrett:
Inntekter: 8.272 kr
Utgifter: 7.725 kr

Resultat: 546 kr

- Langrenn:
Inntekter: 175.892 kr
Utgifter: 199.663 kr

Resultat: -23.771 kr

Forklaringa er mindre inntekter frå Olsok og at det har blitt betalt avdrag på trakkemaskina.

- Trim:
Inntekter: 29.986 kr

Utgifter: 12.170 kr

Resultat: 17.815 kr

Eigenkapital for V.I.L: 1.786.288 kr

Resultat totalt for V.I.L (2012): - 173.770 kr

Framlegg til vedtak: Framlagt rekneskap for hovudlaget og undergruppene blir fastsett og godkjent som idrettslaget sitt rekneskap for 2012.

Sak 9: Val

Val av 1 medlem til valnemnda 2014-2017

Forslag: Øyvind Hoel

Vedtak: Øyvind Hoel er vald som medlem i valnemnda for 2014-2017.

Magne Eivind Glomnes